

Møtebok

Tidspunkt: Måndag 23.05.22 – kl 18:00 – 22:00
Stad: Banken

Til stades: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke og Randi Legård.

Andre til stades på møte: To innanbygdsbuande

Referent og sakshandsamar: Tor Helge

Saker til styremøtet

- Sak 22/22: Meldingssaker
- Sak 23/22: Eventuelt/informasjon hendingar frå førre møte
- Sak 24/22: Langtidsleige av stølshus
- Sak 25/22: Potensielt utbytte frå Røldal Eigedomsselskap AS
- Sak 26/22: Organisering av jakt på hjort og elg
- Sak 27/22: Rjupejakta 2022
- Sak 28/22: Røldalsmarknaden 2022
- Sak 29/22: Tilbakemeldingar – avvik eldstadar fjellstyrehyttene
- Sak 30/22: Renovering av Eriksbu
- Sak 31/22: Utleige fjellstyrehytter 2022
- Sak 32/22: Samjakt mellom statsallmenningane i villreinjakta 2022

Sak 22/22: Meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2022.03.15 UT Røldal Bygdalag - Aksjer i Røldal Grendahus
- 2022.03.18 INN – TUV - Løyve til motorferdsle i samband med byggjearbeid på nytt uthus på Ninive
- 2022.03.18 INN – NFS - Røldal Tildeling jakt&rekruttering 2022
- 2022.03.20 INN – SRV – Avskytingsplan for 2022 - Setesdal Ryfylke Villreinlag
- 2022.03.21 UT – HVU - Høyringssvar villreinkvote Røldal Fjellstyre

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

- 2022.03.21 UT – SRVN - sak 19_22 Oppdatering og godkjenning vald – Setesdalen Ryfylke
- 2022.03.22 UT – Viken FK - Innspill til program for felles sti- og løypeplan Hardangervidda
- 2022.04.02 INN – Villreinrådet - Invitasjon til Villreinrådets fagdag 1.-2. juni
- 2022.04.04 INN – NFS - Påmelding til kurs og utbetaling av festeavgift mm (villreinkort som betaling-bytte for overgang)
- 2022.04.06 INN – SRV - Innkalling til årsmøte i Setesdal Ryfylke Villreinlag
- 2022.04.07 INN – Ullensvang Brann og Redning - avviksrapport ildstadar fjellstyrehytter Røldal Fjellstyre
- 2022.04.08 UT – Ullensvang Brann og Redning - Tilbakemelding utbetring av avvik Røldal Fjellstyre sine hytter
- 2022.04.08 INN – HUV - Endelig anbefaling villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022
- 2022.04.08 INN – Ullensvang - Vedtak - Løyve til dispensasjon - Uthusuteto - Gnr. 1, bnr. 10 - Fjellstyrehytta Ninive
- 2022.04.08 INN – Ullensvang - Vedtak - Løyve til Oppsetting av utedouthus - gnr. 1, bnr. 10 - Røldal Statsallmenning
- 2022.04.09.612.0. UT – Miljødirektoratet - Søknad om dispensasjon frå §2 og §8 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»
- 2022.04.09.43. UT – Ullensvang - Søknad om motorferdsel løyve i samband med reinsjakt - utanfor NP
- 2022.04.11 UT – SFVFK - Angående fiskekultivering i Hardangervidda nasjonalpark innanfor Røldal Statsallmenning
- 2022.04.12 UT – LYSE - Kraftspirer - Søknad rekrutteringstiltak
- 2022.04.21.127. INN – Revisor - Revisjonsmelding og årsoppgjersbrev 2021
- 2022.04.24 UT – Statskog - Rekneskap 2022 - Røldal Fjellstyre
- 2022.04.26.43. UT - TUV - Rapport motorferdsel vinter 2022
- 2022.04.27.145.4. INN - Grunneigarfondet - Fordeling av midler fra Grunneierfondet 2022
- 2022.04.28.652.1 INN - Ullensvang fjellstyre - Uttale om utsetting i grensevatn mot Røldal statsallmenning
- 2022.04.28.001.0 INN - Ullensvang fjellstyre - Svar på førespurnad om Breifonn statsallmenning
- 2022.04.29.011.5.0. UT - FHas - Innspel til FHas om ny samarbeidsavtale
- 2022.05.02 INN - Miljødirektoratet - Røldal fjellstyre gis dispensasjon frå _Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning
- 2022.05.03 INN – NFS - Utvidet jakttid på villrein – Høring
- 2022.05.03 UT - RIL - Gåvefiskekort til skiavslutning
- 2022.05.05 INN – SRVN - Vedtak om oppdatering og godkjenning av vald, Setesdal Ryfylke
- 2022.05.06 INN – HVN - Fellingskvote for Hardangervidda villreinområde 2022
- 2022.05.11 INN – FHas - Møtebok fra styremøte i FH - 01.04.2022
- 2022.05.13 INN – Røldal Grendahus - Fibernett: kostnadsdeling av installasjon og bruk
- 2022.05.15 INN – RIL - Søknad om støtte til treningstilbud

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

- Som det kjem fram frå postlista, har me fått uttale frå Ullensvang SA, kor dei ikkje seier i mot vår påstand om at forvaltning av Breifonn SA er delt mellom Røldal og Suldal FS.
- RIL fekk eit fiskegåvekort.
- Tor Helge snakka med Statsforvaltaren på fredag. Dei var fornøgd med driftsplanen vår, og bad oss sende søknad om fiskeutsetting. Anbefalte å søkje for lenger tidsrom. Fjellstyret må/bør gjere vedtak på godkjenning av driftsplan, eventuelle endringar i fiskereglar og

søknad om fiskeutsetting. Tor Helge ynskjer å få dette gjort snarast, og ber om innspel på korleis dette skal løysast. Han foreslår kort høyring i bygda (på endring av fiskereglane), og endeleg godkjenning av fjellstyret i e-post-møte.

Vedtak:

- Styret tek meldingssakene til vitande.
- Tor Helge sender utkast til endring av fiskereglar på «høyring» blant dei innanbygdsbuande. Fjellstyret behandlar sak om endring av fiskereglar, godkjenning av driftsplan og fiskeutsetting i e-postmøte i etterkant av dette.

Samrøystes.

Sak 23/22: Eventuelt/informasjon hendingar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Fjellstyret har endeleg mottatt byggjeløyve til utedassen på Ninive. Alt av utstyr nødvendig for å gjennomføre grunnarbeidet i løpet av sommaren skal vera kome på plass.
- Renoveringsarbeidet av hytta på Ninive vart fullført i løpet av våren. Madrasser, gardiner og anna sær særskilt utstyr er køyrt inn, slik at hytta er klar til bruk.
- Fjellstyret får ny sekretær 01.juli. Det må drøftast korleis ein skal handtere ferieavvikling og jakttida.
- Tor Helge gjekk ut av grendahus-styret under årsmøtet, og fjellstyret har soleis ikkje noko representant per no. (Det er vorte avklara at det ikkje er noko krav til at alle A-aksjonærene er representert i styret.)
- Røldal bygdalag skriv fylgjande i referatet der dei drøfta vår førespurnad om overtaking av aksjene i Røldal grendahus. «*Styret positivt til overtaking, men representanten må gjerne halda seg nøytral i store saker. Kan likevel ha påverknad i styret. Representanten i grendahusstyret treng heller ikkje vera frå bygdalagsstyret, men kan vera eit medlem i bygdalaget.*»

For Tor Helge forsvinn noko av vitsen om representanten verken er frå bygdalagstyret, eller om han må halde seg nøytral i «betente saker». Fjellstyret må vurdere om det soleis har noko føre seg å overføre aksjene i det heile. Alternativet om me beheld aksjene, med ikkje stiller med styrerepresentant, er at styremedlemsplassen vert fylt av ein B-aksjonær. Dette medfører då akkurat det same resultatet som alternativet bygdalaget skisserer.

- Det er kome nokon spørsmål frå lærlingar om ikkje dei kan verte rekna som studentar. Fjellstyret gjorde fylgjande vedtak i sak 44/20: «*Student: Person under 25 år som ikkje er i fast arbeid. Lærlingar vert ikkje rekna som studentar.*» Underteikna meiner fjellstyret bør revurdera å inkludera lærlingar som studentar.
- Sal av reinskort til utanbygdsbuande: Salet går strålende. Underteikna sin påstand er at dette i praksis fungerer mykje betre (i alle fall for han) enn Inatur. Fjellstyret må ta stilling til om me kan tilby fellingsløyver til fleire allereie no, eller om me skal avvente dette til etter kortutdelinga.

Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret gjev tilbakemelding til Røldal bygdalag om at me ut frå den skisserte løysinga som kjem fram i referatet deira, ikkje ynskjer å gå vidare med dette alternativet.
- Fjellstyret endrar definisjon av student i sak 44/20 til: «*Student: Person under 25 år som ikkje er i fast arbeid. Lærlingar vert rekna som studentar.*»

Referat:

Diskusjon rundt aksjene i Grendahuset. Styret samlar seg om framlegget til vedtak.

I framlegg om endring av definisjon av student, kjem det forslag om å også inkludere vernepliktige.

Det vert einigheit om at ein i denne omgang tilbyr 20 utanbygdsjegerar jaktkort.

Vedtak:

- Fjellstyret beheld aksjeposten sin i Røldal Grendahus. Leiar gjev tilbakemelding til Røldal bygdalag om dette.
- Fjellstyret endrar definisjon av student i sak 44/20 til: «*Student: Person under 25 år som ikkje er i fast arbeid. Lærlingar og vernepliktige vert rekna som studentar.*»
- Leiar får fullmakt til å selje jaktkort til 20 utanbygdsjegerar.

Samrøystes.

Sak 24/22: Langtidsleige av stølshus**Saksdokument:**

- Vedlegg til sak 24_ 22

Saksutgreiing:

Som avtala på førre møte, har ein lufta interessa for Ståvassvikja blant bygdafolket. Det har totalt kome tilbakemeldingar frå 3 stykk. Oppsummering av desse innspela er sendt i eige dokument.

Fjellstyret må på dette møtet ta stilling til kva me skal gjere med stølshusa i Ulevåbotn og Ståvassvikja.

Innspel på allmannamøtet understrekar potensialet Ståvassvikja kan ha som fjellstyrehytte. Om fjellstyret ynskjer å drive kommersielt, trur underteikna denne hytta har eit stort potensiale. Det er også eit poeng at fjellstyret per no ikkje veit kva situasjon ein er i på Haukeli om 10 år. Då verken med tanke på reinsdyr, eller lang/kort Haukelitunnel. Dette kompliserer soleis avgjersla betydeleg.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Styret diskuterer forskjellige alternative måtar å handtere utleiga av stølshus på. Det vert peika på forskjell i utleige av Ståvassvikja, som er stølshus/gjetarhus, og Ulevåbotn, som er fjellstyrehytta. Det kjem forslag om å vurdere å søkje om å få omgjort Ståvassvikja til fjellstyrehytte.

Det vert tydeleg frå diskusjonen i fjellstyret at det vert vanskeleg å lande eit vedtak i dette møtet. Leiar foreslår å «sove litt» på saka, men understrekar at ein må få fatta eit vedtak i løpet av næraste framtid.

Fjellstyremedlemmene skal sende innspel på sider av saka dei ynskjer ytterlegare belyst til leiar innan ei veke.

Vedtak:

Fjellstyret utsett avgjersla i denne omgang. Endeleg vedtak skal gjerast innan 01.juli 2022.

Samrøystes.

Sak 25/22: Potensielt utbytte frå Røldal Eigedomsselskap AS

Saksdokument:

Innkalling til generalforsamling i Røldal Eigedomsselskap

Saksutgreiing:

Fjellstyret har mottatt innkalling til generalforsamling i Røldal Eigedomsselskap AS den 29. mai. Det framkjem frå innkallinga at styret har vedteke å foreslå at det vert betalt utbytte til aksjonærane. For Røldal fjellstyre vil dette bety eit beløp på kr 100 000.

Røldal fjellstyre gjorde i sak 19/00 vedtak om aksjekjøp i Røldal Eigedomsselskap AS. Godkjenning frå Statskog kjem fram i sak 27/00. Underteikna antar at dette betyr at fjellstyret har innhenta godkjenning frå Statskog SF til anten næringsutvikling eller allmennyttige formål.

I § 11, 3. ledd i Fjelloven kan fjellstyre som har «overskot i fjellkassa» som er «større enn det som trengs til tiltak i allmenningen», disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmennyttige formål i disse bygdene.

Ein må sjå på fjellstyret sitt bidrag i Eigedomsselskapet i år 2000 som ei gåva. Då fjellstyret sin økonomi må seiast å vera grei, meiner underteikna at fjellstyret bør vurdere korleis ein skal nytte eventuelle utbetalningar av utbytte. Underteikna ynskjer å spele inn at inntekter som kjem som ein konsekvens av bidraget, bør brukast, i sin heilheit, til ytterlegare bidrag til næringsutvikling, eller allmennyttige formål, i Røldal.

Fjellstyret vil, på tross av eit slikt vedtak, framleis å moglegheiten til å bruke utbyttet på eigne allmennyttige formål eller eigen næringsutvikling.

Fjellstyret må i så tilfelle avklare med Statskog SF korleis ein må forholde seg til §11 i Fjelloven.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret skal nytte eventuelle framtidige utbytte frå Røldal Eigedomsselskap AS til næringsutvikling, eller allmennyttige formål, i Røldal.

Fjellstyret avklarar med Statskog SF korleis dette best kan organiserast.

Referat:

Diskusjon rundt korleis ein skal løyse dette. Det vert peika på at fjellstyret sine utgifter stort sett går til allmennyttige tiltak. Einigheit om at framlegget til vedtak ikkje er til hinder for dette. Leiar ynskjer å høyre med Statskog SF om det er mogleg å halde desse inntektene separat frå fjellstyreøkonomien. Dvs, på ein slik måte at ein slepp søkje om løyve om ein tildelar desse pengene til «ikkje-fjellstyrerelaterte formål».

Vedtak:

- Fjellstyret skal nytte eventuelle framtidige utbytte frå Røldal Eigedomsselskap AS til næringsutvikling, eller allmennyttige formål, i Røldal.
- Leiar får fullmakt til å avklare med Statskog SF kva reglar som vil gjelde for desse tildelingane.

Samrøystes.

Sak 26/22: Organisering av jakt på hjort og elg

Saksdokument:

- 2022.04.09.612.0. UT – Miljødirektoratet - Søknad om dispensasjon frå §2 og §8 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»
- 2022.05.02 INN - Miljødirektoratet - Røldal fjellstyre gis dispensasjon frå _Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

Saksutgreiing:

Tor Helge er leiar i Røldal Hjorteviltvald og ynskjer difor å verte erklært inhabil i denne saka. Det er viktig at resten av styret er klar over at saksutgreiinga likevel er gjort av Tor Helge, og at dei tar høgde for dette når dei behandlar saka.

I «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning» er det strenge krav til korleis jakt på elg, rådyr og hjort skal organiserast på statsallmenning, samt korleis denne skal verte gjort tilgjengeleg for allmennheita. Leiar har difor søkt Miljødirektoratet om ein eventuell dispensasjon frå dei aktuelle paragrafane, tilsvarande den fjellstyret vart innvilga i fjor. Miljødirektoratet gav Røldal Fjellstyre dei nødvendige dispensasjonane for jakta 2022, fram til og med 2024/2025.

I og med det er svært liten sannsynlegheit for å møte på elg, rådyr eller hjort, vil det vera lite hensiktsmessig å selje egne løyver for dette. Med tanke på CWD problematikken så bør alt av hjort, rådyr og elg på Hardangervidda tas ut.

Forslaget til Tor Helge er at det på statsallmenninga vert fri jakt på hjort, rådyr og elg for alle som løyser reinskort. Jegerane må betala fellingsavgift til hjorteviltvaldet i etterkant slik som dei andre jaktfelte i Hjorteviltvaldet, der utanbygdsjegerar betalar dobbel pris, slik som ved villreinjakta.

Det ingen reel fare for at det vil verte enorm felling av verken hjort, rådyr eller elg på statsallmenninga. Einaste forskjellen frå før er at det no vert mogleg å felle elg og hjort om ein mot formodning møter på nokon.

Det er eit krav for elg og hjortajakt at ein har tilgong på ettersøkshund. Røldal Hjorteviltvald inngår kvar år ein avtale om dette på vegne av jaktfelte som er med i Hjorteviltvaldet. Dette beløpet vert forskottet av Hjorteviltvaldet. Fjellstyret bidrog i fjor med kr 3500,- til dette. Det er ei forventning frå Røldal hjorteviltvald at fjellstyret bidrar noko også i år, då utgiftene til ettersøkshund byrjar å verte store (kr 5250 i 2021). Fjellstyret må ta stilling om ein ynskjer å bidra økonomisk til dette.

Ein forskjell frå fjorårets organisering er at det no også vert søkt om endra jakttid på elg og hjort. Det er no ute høyring på å endre jakttida, slik at den byrjar 15. august, og varer ut januar. Fjellstyret må også ta stilling til korleis ein vil forhalde seg til dette. Røldal hjorteviltvald har ikkje vedtatt noko innskrenkingar på jakttida.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Tor Helge vert erklært inhabil. Han forlèt ikkje møtet, då han er sjølvutnemnt referent.

Resten av styret diskuterar ordninga. Det vert peika på at det ikkje var nokon fellingar i fjor, og at ein difor verken har negative, eller positive, erfaringar.

Kort diskusjon rundt kor mykje fjellstyret bør bidra med til utgiftene til ettersøkshund. Styret samlar seg rundt bidrag på kr 3000.

Vedtak:

- Jegerar med fellingsløyve på reinsdyr på Røldal Statsallmenning, kan felle hjort, elg og rådyr på den delen av Røldal Statsallmenning kor fellingsløyvet er gyldig.
- Etter reinsjakta kan innanbygdsjegerane som hadde fellingsløyve på reinsdyr i 2022 felle hjort, elg og reinsdyr på heile Røldal Statsallmenning.
- Jeger pliktar seg å rapportere eventuell felling snarast til fjellstyret.
- Jeger må betale fellingsavgift i etterkant i henhold til Røldal Hjorteviltvald sine prisar.
- Jeger er ansvarlig for alle utgifter som kjem i samband med bruk av ettersøkshund.
- Røldal Fjellstyre betalar Røldal Hjorteviltvald kr 3000 i bidrag til avtale om ettersøkshund.

Samrøystes. (Tor Helge var inhabil og stemte ikkje.)

Sak 27/22: Rjupejakt/småviltjakt 2022

Saksdokument:

2021.08.23 Fellefangst villmink Hedlevass

Saksutgreiing:

Vurdering etter Naturmangfaldlova:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Kunnskapen om bestandssituasjonen på rjupe på Hardangervidda er usikker. Det er på det reine at det er store svingingar i bestanden frå år til år og det er fleire faktorar som påverkar dette. I år med sein vår og/eller kaldt og dårleg ver i den mest kritiske perioden veit ein at det vert dårleg suksess på kyllingproduksjonen. Fjellfugl vil vere mest utsett her. Ein har hatt årlege takseringar på nokon område som klart viser dette. Generelt er det vanskeleg å vite noko om produksjonen før ein har hatt takseringar og før ein veit korleis årets produksjon har vore. For Røldal SA er det ikkje føremålsteneleg å ha takseringar då det er store område og mest fjellfugl og følgeleg vanskeleg å takserer. Ein vurderar det difor slik at ein ikkje har eksakt kunnskap om korleis årets produksjon vert og følgeleg bør ta konsekvensen av dette. Tilbakemeldingar frå vidda fortel om bra med fugl på delar av vidda i år. Det synast derfor å vere bra med stamfugl. Tilbakemeldingar frå jegerane i førre jaktseong, visste at det var ein grei rjupebestand i 2021/2022.

§9 Føre var prinsippet:

Fjellstyret vurderar det slik at ein ikkje har nok kunnskap til å opne opp for fri jakt. Dette som følgje av vurderingar under § 8. Rjupa er ute av den nasjonale raudlista, men situasjonen er usikker og dette tilseier at ein bør vere restriktiv med å tillate for stort jakttrykk. Eit føre var prinsipp med å legge seg på ei avgrensing i tid og talet på kort vil vere med på å halde jakttrykket nede.

§ 10 Samla belastning:

Fjellstyret vurderer det slik at ei avgrensa jakt vil kunne forsvarast og at dette ikkje vil føre til ei samla belastning som vil vere til skade for økosystemet.

§§ 11 og 12 blir vurdert som lite aktuell i denne samanheng.

Lokale vurderingar:

Rjupejakta vart kort diskutert i sak 20/22 kor fjellstyret kom med innspel på kva for ordningar og reglar som skal vere gjeldande for rjupejakta 2022. Fjellstyret ynskjer å halde fram eit føre var prinsipp når det gjeld tildeling av rjupejakt på Røldal Statsallmenning, jfr utgreiing etter Naturmangfaldlova. Dette av di situasjonen for rjupa er usikker mht bestandsstorleik og utvikling vidare. Røldal Fjellstyre vurderer det derfor slik at ein skal avgrense jakta både i tid og antal. I sine vurderingar har styret teke omsyn til dei store svingingane i bestanden dei siste åra og tilbakemeldingar frå fjelloppsynet og andre brukarar.

Fjellstyret ynskjer ikkje å opne for jakt på hare då det er svært lite hare i fjellet, noko det har vore i mange år. Dette grunngjev ein med tilbakemeldingar frå jegerar og oppsyn. Det vart nesten ikkje

skote hare i Røldal SA før fjellstyret vedtok å ikkje opne for jakt på hare. Tilbakemeldingar frå jegerane, tydar heller ikkje på at harebestanden har tatt seg opp dei siste to åra.

Det har kome tilbakemelding frå jegerar (jfr vedtak i sak 17/21) om at det etter at snøen har kome om hausten kan vere noko stort jakttrykk nær E134. Etter at snøen har lagt seg er det i hovudsak sesongkort som vert nytta. Fjellstyret vurderte i 2021 at ein kan difor burde redusere noko på talet på sesongkort for å imøtekomme desse tilbakemeldingane. Tilbakemeldingar frå jegerane visar at ein gjerne skulle redusert antal jegerar noko meir etter snøen kjem. Tilbakemeldingane visar at ein ikkje har desse utfordringane før snøen kjem. Sakshandsamar foreslår difor å reduserer antal sesongkort ytterlegare, men å auke antal dagskort og vekeskort i oktober. Alternativt måtte ein vurdert å redusere antal dagskort, og dermed gjort jakta mindre tilgjengeleg for allmennheita.

Det vart i 2021 uttrykt bekymring for at jegerar med smårovviltkort bidreg til auken i jakttrykk. Fjellstyret har ikkje fått rapportert noko felling på jegerar som har løyst smårovviltkort. Det vart difor innført redusert jakttid på dette kortet i 2021. Dette medførte at eit svært redusert sal av kortet. Dette heng truleg også saman med at løyvet ikkje var mogleg å kjøpe etter februar. Salet av smårovviltkortet bør endrast noko. Sakshandsamar meiner det vil vere negativt å trekke dette tilbake allereie no og tilrår å halde fram med løysinga minst eitt par år til. Ein bør allereie no vedta å selje smårovviltkort for sesongen 2023. For å imøtekomme bekymringane frå jegerane, foreslår sakshandsamar at dette løyvet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. september.

Fjellstyret fekk i fjor tilbakemeldingar om fleire observasjonar av villmink i Hedlevass. Sakshandsamar si vurdering er at fjellstyret bør leggje til rette for at denne bestanden vert fjerna snarast mogleg, då arten har stort invasjonspotensiale, og sterk negativ effekt på ein rekke arter, blant dei fleire raudelista. Villmink er ein svartelista art i Norge, noko som medfører at jakttid heile året. Fjellstyret kjøpte i fjor inn feller, men det vart ikkje fanga noko mink i desse i fjor. Fjellstyret bør oppmode til at desse fellene vert sett ut at i sommar, og bør soleis gjere denne aktiviteten vederlagsfri, men då berre etter avtale med fjellstyret.

Sakshandsamar opplevde i førre jakt sesong utfordringar med Inatur, kor rekrutteringsjeger (under 16 år) ikkje fekk kjøpt jaktkort, då jeger under 16 år ikkje er registrert i jegerregisteret. Ei løysing på dette kan vera å la opplæringsjakt (for dei mellom 14 -16 år) vera gratis. Jeger, som er ansvarleg for opplæringsjakta, må då ha løyst jaktkort, og samla bag-limit for dei to vil likevel vera 2 rjuper.

Framlegg til vedtak:

1. Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober 2022 t.o.m. 28. februar 2023. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06.22 kl. 09:00.
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare.
3. Det kan skytast 2 ryper per dag per jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
5. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis på veiledaren sin kvote på 2 ryper per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
6. Fjellstyret tilbyr smårovviltkort for sesongen 2022 og sesongen 2023. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. september.
7. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på smårovviltkortet og småviltkortet.
8. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.

Korttyper og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 30 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.

	Innanbygds	Utanbygds
Sesongkort 01.10-28.02	9	6
Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10	15	15
Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10	15	15
Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	2	2
Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10	3	2
Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	10	10
Småroviltkort sesong 2022	-	-
Småroviltkort sesong 2023	-	-

Vedtaket er gjort med heimel i Fjelleva § 23. Saka vert oversendt Ullensvang kommune for uttale og ein tek atterhald om at kommunen ikkje har merknader til vedtaket.

Referat:

Fjellstyret diskuterer framlegget til vedtak punkt for punkt. Det kjem innspel om at ein burde gje opplæringsjeger ei ekstra rjupe. Styret samlar seg om dette.

Vedtak:

1. Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober 2022 t.o.m. 28. februar 2023. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06.22 kl. 09:00.
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare.
3. Det kan skytast 2 rjuper per dag per jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
5. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis med veileidar. Opplæringsjeger vil, etter avtale med fjellstyre, få ein kvote på 1 rjupe per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
6. Fjellstyret tilbyr småroviltkort for sesongen 2022 og sesongen 2023. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. september.
7. Det opnast for jakt på Kanadagås i jaktida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på småroviltkortet og småviltkortet.
8. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.

Korttyper og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.

- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 30 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.

	Innanbygds	Utanbygds
Sesongkort 01.10-28.02	9	6
Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10	15	15
Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10	15	15
Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	2	2
Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10	3	2
Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	10	10
Småroviltkort sesong 2022	-	-
Småroviltkort sesong 2023	-	-

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 23. Saka vert oversendt Ullensvang kommune for uttale og ein tek atterhald om at kommunen ikkje har merknader til vedtaket.

Samrøystes.

Sak 28/22: Røldalsmarknaden 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Dette vert fyrste Røldalsmarknaden for dette fjellstyret. Underteikna er noko usikker på korleis dette vanlegvis vert løyst, kva me skal gjere, og ikkje minst korleis...

Forslag mottas med takk!

Underteikna ser føre seg:

- Utdeling av fellingsløyver og CWD-sett
- Generell informasjon
- Bildekonkurranse («kor stod jegeren?»)
- Invitere fjelloppsynet/ny sekretær til å delta på laurdag
- Lotteri (er det lov...)?

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret kjem fram til fylgjande førebels plan:

- Forutsett at fjellstyret mottar fellingsløyva, så vil ein dele ut desse, samt CWD-sett på marknaden.
- Randi sjekkar kva moglegheit me har for å ta oss betalt.
- Ein inviterer fjelloppsynet til å delta på laurdag.
- Fjellstyremedlemmene fordelar dagane slik at:
Lørdag kl 10:00-13:30 Andre - kl 13:30-17:00 Anne Marie
Søndag kl 10:00-13:30 Randi – kl 13:30-17:00 Håkon
Tor Helge går «midtskift» begge dagane.
- Kaffikoking. Heine har bålanna, Randi har kaffitraktar, André skaffar bålpanna.
- Fjellstyret presenterer bileter frå dugnad og liknande. André fixa pc-skjerm
- Tor Helge lagar konkurranse «Kor stod jegeren». Fjellstyret kjøper inn 1. og 2. premie til dette. 3.premi vert fiskekort.
- Tor Helge sjekkar opp i om det skal vera jaktlotteri.
- Ein monterer opp lavvoen på torsdagen. Håkon tar ansvar for dette (skaffar maursyrekaner til lodd). Tor Helge vert med (tar med ytterliggere maursyrekaner).

Vedtak:

Som det framkjem av referatet.

Sak 29/22: Tilbakemeldingar – avvik eldstadar fjellstyrehyttene

Saksdokument:

- 2022.04.07 INN – Ullensvang Brann og Redning - avviksrapport eldstadar fjellstyrehytter Røldal Fjellstyre
- 2022.04.08 UT – Ullensvang Brann og Redning - Tilbakemelding utbetring av avvik Røldal Fjellstyre sine hytter

Saksutgreiing:

Ullensvang Brann og Redning var på synfaring i alle fjellstyrehyttene rett før påske. Fjellstyret fekk nokre avvik som må utbetrast. Underteikna har skrevet ein kort tilbakemelding, kor ein har skissert moglege løysingar, men desse må kvalitetssikrast. Det vert foreslått å kjøpe inn gassalarm til alle hyttene.

Framlegg til vedtak:

- Tor Helge får ansvar for å lukke avviksmeldingar på Ninive
- Xxxx får ansvar for å lukke avviksmeldingane i Gamlabua i løpet av vinteren 2023.
- Xxx får ansvar for å finne alternative løysingar for utbetring av eldstadane i Eriksbu. Alternativa skal presenterast for styret i løpet av 2022.

Referat:

Diskusjon rundt korleis fjellstyret skal forhalde seg til avviksrapporten. Fjellstyret vert einige om at ein her bør setje heile arbeidet over til fagfolk. Ein lyser ut arbeidet med lapp på handelsslaget og på facebook.

Vedtak:

Leiar får fullmakt til å finne handverkar til å prosjektere, og utbetre eldstadane i henhold til avviksrapporten.

Sak 30/22: Renovering av Eriksbu**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Underteikna var på dugnad i Eriksbu 2. påskedag. Me fekk då installert solcellepanel i uthuset (gamalt frå Ninive), bygd om kjøkkenet slik at den nyinnkjøpte gasskomfyren passar inn, og byrja med utbetringar av det elektriske anlegget inne. Ein møtte på diverse utfordringar, deriblant lite tid, og forlot hytta i ein kritikkverdig stand.

Det vart under dugnaden nok ein gong observert vatn som rann gjennom taket og inn i hytta. Denne gong i seng i nordvestleg hjørne i hytta.

Handverkar var innom hytta på synfaring den påfylgjande veka, og friskmelder taket. «Vasslekkasjen» skuldast mest truleg snø som driv inn i løpet av vinteren. Det vart i same synfaringa tatt alle nødvendige mål om fjellstyret ynskjer å renovere hytta. Tilbakemeldingane er at ein treng ikkje gjere noko med torv og tak i denne omgang. To av veggene bør skiftast, medan snikkeren meiner dei to andre er i for god stand til dette. Det er ikkje noko behov for ytterlegare isolasjon av hytta. Ein kan vurdere om ein skulle vindtetta noko meir. Tilstanden på vindauga er ikkje katastrofal, men me antar dei er 30 år.

Korleis ein vel å utbetre utfordringane med eldstadane kan påverke takgjennomgongen om ein byttar til stålpipa.

Underteikna er opptatt av at ein må utbetre hyttene på ein måte som medfører minst mogleg framtidig dugnadsarbeid. Han ynskjer difor å bytte kledning på alle 4 veggene, slik at ein kan velje ei løysing som ikkje treng å målast. Ein fordel med denne løysinga, er at ein då kan vindtette også. Ein bør også i same slengen, bytte ut alle vindua i hytta, samt oppgradere det elektriske anlegget.

Inne er hytta stort sett bra. Ytterlegare modifikasjonar må gjerast på kjøkkenet. Ein håpar at ein for det meste kan nytte den gamle innredninga. Underteikna ynskjer at ein også skal nytte høvet til å leggje golvbelegg på kjøkkenet, samt fjerne innerdør mellom gong og kjøkken.

Underteikna minnar om at hans skisserte løysing vil medføre at ein må gjere tilsvarande fasadeendring også på skuten.

Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret får laga teikningar av prosjektet, og legg det ut på anbod til lokale handverkarar.
- Fjellstyret søker om Ullensvang kommune, og vernemyndigheita, om fasadeendring på Eriksbu.

- Fjellstyret bytter alle vinduer, bytter til vedlikehaldsfri kledning, vindtettar og oppgraderer solcelleanlegget. Inne legg ein golvbelegg på kjøkkenet, og gjer nødvendige modifikasjonar på kjøkkeninnredninga.

Referat:

Diskusjon rundt omfanget renoveringa av Eriksbu skal ha. Fjellstyret samlar seg om framlegget til vedtak.

Vedtak:

- Fjellstyret får laga teikningar av prosjektet, og legg det ut på anbod til lokale handverkarar.
- Fjellstyret søker om Ullensvang kommune, og vernemyndigheita, om fasadeendring på Eriksbu.
- Fjellstyret bytter alle vinduer, bytter til vedlikehaldsfri kledning, vindtettar og oppgraderer solcelleanlegget. Inne legg ein golvbelegg på kjøkkenet, og gjer nødvendige modifikasjonar på kjøkkeninnredninga.

Sak 31/22: Utleige fjellstyrehytter 2022

Saksdokument:**Saksutgreiing:**

Noverande fjellstyre kan for fyrste gong ta lett på koronasituasjonen. Ein må likevel ta stilling til korleis ein skal organisere utleige av hyttene.

Hytteutleige vart drøfta på allmannamøte, utan at det vart brei oppslutning om nokon av forslaga der. Underteikna har foreslått at fjellstyret bør halde fjellstyrehyttene eksklusive for innanbygdsbuande, med den «vrien» at innanbygdsbuande i enkelte tilfeller kan leige hytta for utanbygdsbuande. I Hedlevass er overnatting ikkje noko problem, då turisthytta har plass plass til dei som treng det. Fjellstyret bør også gjere seg opp ei meining om situasjonen framover tilseier at det kanskje er lurt å ikkje vera ein konkurrent til DNT på utleigemarkedet.

Organiseringa som var fram til koronaen, var at utanbygdsbuande kunne bruke hyttene, men at innanbygdsbuande hadde fyrsterett. Underteikna kan ikkje stå inne for ei slik ordning, og oppmodar fjellstyret til å endre standpunkt i denne saka.

Revisor har kome med innspel på at fjellstyret ikkje har god dokumentasjon på kven som overnattar på hyttene. Dette er heilt korrekt. Det vart i 2020 kjøpt inn besøksprotokollar for å prøve å imøtekomme dette kravet, men det visar seg å vera særskilt utfordrande å få «overnattarane» til å nytte desse. Truleg bør fjellstyre ta noko sjølvkritikk på dette, då ein burde fått opp betre informasjon i hyttene over kva dei som overnattar må gjere for å hjelpe oss imøtekomme øvrigheita sine krav og kriterier.

Tor Helge kjem på fylgjande måtar å organisere overnattinga på i 2022:

Alternativ 1:

Likt som tidlegare år. Fyrste-mann-til-mølla i hyttene. Innanbygdsbuande har fyrste rett, og kan vise bort utanbygdsbuande for å sjølv få overnattingsplass.

Største fordel er truleg at ein kan tene litt pengar på hytteutleige. Største ulempen er at ein truleg er avhengig av eit mirakel som gjer at alle plutselig skjønar korleis ein besøksprotokoll fungerer.

Alternativ 2:

Tilnærma likt som korona-åra. Alle må i stor grad forhåndsbestilla hyttene. Besøksprotokoll vert ført av fjellstyret heime. Framleis fyrsterett til innanbygdsbuande, men ein får ikkje moglegheita til «dobbelbooking». Største ulempen er arbeidsmengden, største fordel er at ein har best kontroll.

Alternativ 3:

Hyttene vert haldt eksklusive for innanbygdsbuande. Hyttene står opne, og kan nyttast etter høve. Brukarane skal, så langt det lar seg gjera, informera fjellstyret på førehand om dei ynskjer å overnatte i hyttene. Alle som overnattar skal nytte besøksprotokoll, samt informere fjellstyret (i forkant/etterkant) om overnattingane. Dette slik at fjellstyret fortløpande kan lage seg ein oppdatert besøksprotokoll.

Alternativ 4:

Hyttene vert haldt eksklusive for innanbygdsbuande. I reinsdyrjakta er alle hyttene opne, og kan nyttast etter høve.

I sommarsesongen står Eriksbu står open, og kan nyttast etter høve. Ein innfører, i sommarsesongen, ei prøveordning i Gamlabua og Ninive, kor hyttene skal reserverast på førehand.

Alle som overnattar skal nytte besøksprotokoll, samt informere fjellstyret (i forkant/etterkant) om overnattingane. Dette slik at fjellstyret fortløpande kan lage seg ein oppdatert besøksprotokoll.

Tor Helge gjer merksam på at han har lova at ressursperson, nytta i samband med fjorårets prøvefiske, får overnatte på Ninive etter behov.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret diskuterar korleis ein betre skal imøtekome krava til dokumentasjon på overnattingar. Det er einigheit om at ein må forsøkje å informere betre om besøksprotokollen.

Vidare diskusjon rundt utleige av fjellstyrehytter, kven dei skal vera tilgjengelege for, og korleis.

Vedtak:

Utanom reinsjakt:

Fjellstyrehyttene vert berre opne for innanbygdsbuande, samt eventuelt følgje. Fjellstyret skal, så langt det lar seg gjere, informerast i forkant av eventuelle overnattingar. Dette for å kunne informere andre om besøksstatus på hytta.

I reinsjakta:

I Hedlevassfjedlet; Eriksbu vert holdt eksklusiv for innanbygdsbuande. Utanbygdsbuande vert oppmoda til å bu i turisthytta.

Ved Holmavatnet: Utanbygdsbuande kan søkje om å nytte hytta. Innanbygdsbuande må, så langt det lar seg gjere, informere fjellstyret om dei ynskjer å overnatte der.

Innanbygdsbuande vil ikkje kunne bortvise utanbygdsbuande frå fjellstyrehytter om desse overnattar med godkjenning frå fjellstyret.

Samrøystes.

Sak 32/22: Samjakt mellom statsallmenningene i villreinjakta 2022

Saksdokument:

- 2022.05.11 INN – FHas - Møtebok fra styremøte i FH - 01.04.2022

Saksutgreiing:

Underteikna spela inn sak om samjakt (tilsvarande den me har hatt dei to siste åra) mellom statsallmenningane til møtet i FH 01. april. Det vart peika på at det vil vera viktig å stå samla i ein slik sak. Det er ein stor fordel for alle fjellstyra og jegerane om et slikt vedtak er klart før jakta slik at det ligg ein forutsigbarhet for alle parter uavhengig av utfall.

Grunngjevnaden var tilsvarane tidlegare år:

Vurdering av lokale tiltak:

Det har kome opp forslag frå fleire hald om å gjere det lettare for jegerar å jakte på tvers av grenser. Å opne grenser mellom private og statsallmenningar er ikkje lett å få til, men statsallmenningane kan relativt enkelt opne sine grenser for å gjere det lettare å jakte i grenseområde. Erfaringsmessig så reiser ikkje jegerar langt vekk frå sine egne jaktområde, men ein kan forvente noko effekt i grenseområde der ein kan gå inn på naboallmenning for å jakte. I den situasjonen ein er inne i vil det vere viktig å vise vilje til å kome med tiltak for auka felling. Om ein får det store utbyttet av tiltaka er meir uvist, men ein har i alle fall vist vilje til å ta dei grepa som er mogelege på kort sikt.

Sakshandsamar vil føreslå fylgjande tiltak som vil omfatte Ullensvang, Røldal, Eidfjord og Øvre Numedal:

- 1. Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over kan nytte desse fritt på heile arealet til dei fire Statsallmenningane.*
- 2. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2021.*

Dersom dette skal fungere er det viktig at vedtaka vert gjort så enkle som råd og at dei er mogeleg å gjennomføre. Ein ber derfor fjellstyra tenke nøye gjennom eventuelle innskrenkingar og lokale tilpasningar som kan vanskeleggjere eit eventuelt samarbeid. Skal dette ha nokon som helst effekt må vedtaka gjerast no. Blir det mykje att og fram med ulike lokale tilpasningar vil tida fort gå frå oss. Det er sjølvstøtt eit alternativ å utsetje opphevinga av fredningssonane ei stund, men dei bør opphevast før jakttida er omme.

Vedtaka vert gjort med bakgrunn i den ekstraordinære situasjonen etter påvist CWD på Hardangervidda. Fjellstyra ynskjer med dette å bidra til auka felling i tida som står att av jakta. Med dette vedtaket opnar dei fire fjellstyra nesten 2000 kvadratkilometer for samanhengande jakt. Arealet strekker seg frå E134 i sør til Hardangerjøkulen i nord og Nore og Uvdal i aust.

Villreinutvalget oppfordrar også i år alle vald til å sleppe inn jegerar frå andre vald i periodar det eventuelt er få eller ingen eigne jegerar på valdet. Dei meiner vidare at spesielt i siste halvdel av jakta bør det vera rom for dette. I fjor opna dei fire fjellstyrene grensene frå 21.09.

Fjellstyra kom ikkje så noko særleg langt når saka vart drøfta i styremøtet i FHAs. Det vart umiddelbart peika på at kvart enkelt fjellstyre må gjøre sine respektive vedtak i saken.

Eidfjord og Øvre Numedal er bekymra for jegeransamlinger på delar av sine areal ved ei opning av grensene som foreslått. Begge statsallmenningane har begrensa areala som utanbygdsjegere har tilgang på. I ein avtale som skissert vil ein opne heile arealet for alle jegerane.

Dei enkelte fjellstyra må avklare om det er eit ynskje å opne opp heile arealet før ein felles avtale vert inngått. Det var enighet i møtet at eventuelle vedtak om samjakt må i år skje før jaktstart og i god tid slik at jegerne har forutsigbarhet på dette. Det kom forslag om å legge fram fylgjande forslag for behandling hjå kvart enkelt fjellstyre:

*Samjaksavtalen gjelder følgende statsallmenningar på Hardangervidda:
_____ og gjeld frå mandag 19.09:*

- 1. Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over kan nytte desse fritt på heile arealet til dei fire Statsallmenningane.*
- 2. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2022.*

Underteikna meinar Røldal FS bør vedta ein romslegare avtale enn dette. Som argumentert for i saksutgreiinga er dette mest av alt symbolpolitikk. Ein bør difor også legge til rette for at flest mogleg av statsallmenningane vert med på avtalen.

I og med denne samjaktavtalen byrjar så seint, ber leiar om fullmakt til å inngå tilsvarande samjaktavtale som i fjor med Ullensvang. Leiar lurar også på om det kunne vore hensiktsmessig og fått fullmakt til å inngå andre samjaktavtalar etter ein gitt dato om det vart opning for dette.

Framlegg til vedtak:

- Leiar får fullmakt til å inngå samjaksavtale med alle fjellstyra/statsallmenningane på Hardangervidda på fylgjande premisser:
 - Leiar kan inngå ein avtale som byrjar f.o.m. 01. september og ut jakta.
 - Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyra i Statsallmenningane som går inn i avtalen, kan nytte desse fritt på heile arealet til dei same Statsallmenningane.
 - Røldal FS vil akseptere eit eventuelt krav om at samjaktavtalen berre skal gjelde dei respektive fjellstyra sine innanbygdsjegere.
 - Eventuelle fredningssoner bør opphevast f.o.m. 19.september, og ut jakta 2022.
- Leiar får fullmakt til å inngå samjaktavtale med Ullensvang FS, tilsvarande den frå 2021.

- Leiar skal avklare om avtalen berre gjeld innanbygdsjegerar, og spele inn eit ynskje om at avtalen skal gjelde f.o.m. 25. august.
- Leiar får fullmakt til å inngå eventuelle andre samjaktavtalar, som han vurderer som gunstige for Røldalsjegerane, etter 10. september.

Referat:

Kort ordskifte rundt framlegget til vedtak. Det vert understreka at Røldal fjellstyre ynskjer så romslege samjaktavtalar som mogleg.

Vedtak:

- Leiar får fullmakt til å inngå samjaksavtale med alle fjellstyra/statsallmenningane på Hardangervidda på fylgjande premisser:
 - Leiar kan inngå ein avtale som byrjar f.o.m. 01. september og ut jakta.
 - Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyra i Statsallmenningane som går inn i avtalen, kan nytte desse fritt på heile arealet til dei same Statsallmenningane.
 - Røldal FS vil akseptere eit eventuelt krav om at samjaktavtalen berre skal gjelde dei respektive fjellstyra sine innanbygdsjegerar.
 - Eventuelle fredningssoner bør opphevast f.o.m. 19.september, og ut jakta 2022.
- Leiar får fullmakt til å inngå samjaktavtale med Ullensvang FS, tilsvarende den frå 2021.
 - Leiar skal avklare om avtalen berre gjeld innanbygdsjegerar, og spele inn eit ynskje om at avtalen skal gjelde f.o.m. 25. august.
- Leiar får fullmakt til å inngå eventuelle andre samjaktavtalar, som han vurderer som gunstige for Røldalsjegerane, etter 10. september.

Samrøystes.